



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2026/86-4

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/43	19.05.2026	Formannskap
2026/28	12.05.2026	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling

Ny viltressurslov – krav til kommunen om fastsetting av fellingsavgift for jakt på elg og hjort i forskrift

Saksutgreiing

Saka vart behandla i utval for vilt og fisk i møte nr 1 den 15. april:

Den 1. juli 2026 vil viltressursloven (lov 20. juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Frå same tidspunkt vil viltlova (lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt) oppehast.

Viltressurslova vidarefører viltlova sine krav om at kommunen må fastsette ei forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr og for fastsetting av minsteareal (viltressursloven § 42), samt for å opne for jakt på bever (viltressursloven § 44). Fleire kommunar har fastsett forskrifter som både opnar for jakt på hjortevilt og fastsett minsteareal i same forskrift. Fellingsavgifter har i hovudsak vore fastsett gjennom kommunale budsjettvedtak eller gebyrregulativ.

Landbruksdirektoratet vil gjere oppmerksom på at viltressurslova når den trer i kraft innfører eit krav om at kommunar som ynskjer å fastsette og krevje inn fellingsavgift for kvart dyr som blir felt av elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må bli fastsett innanfor rammer fastsett av Stortinget. Gjeldande ramme fylgjer av Prop. 1 S (2024-2025) frå Landbruks- og matdepartementet s. 131.

Landbruksdirektoratet tilrår at kommunen utarbeidar ei felles forskrift for opning av jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter. Deretter må forskrifta bli revidert ved behov. Det vil gjere avgjerslene lettare tilgjengeleg for både jegerar, interesseorganisasjonar og viltmynde.

Vurdering

Skjåk kommune har frå før ei forskrift om forvaltning av elg, hjort og rådyr. Det er berre fellingsavgifter som blir eit nytt element i denne forskrifta. Det andre innhaldet blir vidareført frå eksisterande forskrift: https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2006-06-22-901/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Skjåk kommune har dei siste 15 åra brukt maksimal sats på fellingsavgiftene for elg og hjort. Ein stor del av fellingsavgiftene blir mellom anna brukt til fallviltoppgåver, t.d. ettersøk og avliving av påkøyrd hjortevilt. Det er viktig at ein har tilstrekkeleg inntekt til å gjennomføre denne oppgåva på ein god måte. I Skjåk er det om lag 50 påkøyrslar av hjortevilt pr år. Med utsikter til auka trafikk på Rv15 i åra som kjem vil det neppe bli færre påkøyrslar. Det er derfor behov for å oppretthalde inntektene til fallviltarbeid. Da er det lita aktuelt å legge opp til noko anna enn maksimalsats.

I følgje § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftsendringar vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Kommunen har lange tidsseriar med sett-elg og sett-hjort data og fellingsstatistikk for alle tre artane. Registrering av irregulær avgang blir ført systematisk. Til saman gir dette eit godt kunnskapsgrunnlag.

§ 9 - føre-var prinsippet: Dersom forskrifta ikkje blir innført har ikkje kommunen gyldig heimel til å drive inn fellingsavgifter.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Dersom forskrifta ikkje blir endra; negative konsekvensar ved at påkøyrd og skada vilt blir ettersøkt med mindre ressursar..

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikkje relevant i denne saka.

Offentleg ettersyn og høyring av framlegg til forskrift vil bli kunngjort på Skjåk kommune si heimeside og sendt til dei to valda i kommunen.

Frist for høyringsuttale bør vera om lag seks veker frå saka blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn.

Utval for vilt og fisk behandla saka 15.4.26 og gjorde fyljande vedtak samrøystes:

Forslaget til nye forskrift blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i høve til innstillinga under:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Kommunedirektøren si tilråding (tilsvarende vedtaket i utval for vilt og fisk)

Forslaget til ny forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i seks veker frå vedtak og blir kunngjort i lokale medier, på heimeside og eit eksemplar blir lagt i servicetorget
Innstillinga under slik utval for vilt og fisk vedtok de:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Formannskap si behandling av sak 43/2026 i møte den 19.05.2026:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

Forslaget til ny forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i seks veker frå vedtak og blir kunngjort i lokale medier, på heimeside og eit eksemplar blir lagt i servicetorget
Innstillinga under slik utval for vilt og fisk vedtok de:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

<i>Område</i>	<i>Minsteareal Elg (dekar)</i>	<i>Minsteareal Hjort (dekar)</i>	<i>Minsteareal Rådyr (dekar)</i>
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 28/2026 i møte den 12.05.2026:

Behandling

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling tilrår formannskapet å legge forslaget til ny forskrift ut til offentlig høyring.

Samrøystes.

Vedtak

Hovudutval for miljø- og samfunnsutvikling tilrår formannskapet at forslaget til ny forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i seks veker frå vedtak og blir kunngjort i lokale medier, på heimeside og eit eksemplar blir lagt i servicetorget.

Innstillinga under slik utval for vilt og fisk vedtok de:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: *Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.*

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.